

Bergen 21. september 2023

## Forventningar til vidare fylkessamarbeid

Seks parti vil vidareføre samarbeidet i fylkespolitikken dei neste fire åra. Ap, Sp, SV, KrF, Venstre og MDG spenner bogen høgt, men må leggje meir vekt på vedlikehaldet av fylkesvegnettet og utbygging av dei store samferdsleprosjekta.

Samarbeidspartia har gjennom dei fire første åra etter fylkessamanslåinga medverka til fleire gode initiativ og tiltak. Vestland fylkeskommune viser veg i ei grøn omstilling det hastar med å gjennomføre. Næringsalliansen Vestland er glad for at prosjektet Grøn Region Vestland vert vidareført og at partia understrekar at eit samarbeid med næringslivet er avgjerande for å lukkast. Grøn Region Vestland omfattar ikkje berre ei rekkje industrielle miljø i heile fylket, men óg dei sterke kompetansefelt i Havbyen Bergen.

I perioden 2023 til 2027 må den grønne omstillinga gå frå ord til handling, og fylkeskommunen har ei viktig koordinerande rolle i dette. Offentlege tilbod innan kollektivtrafikken må i endå sterkare grad vektleggje nullutsleppsløysingar.

Det er bra at samarbeidspartia vil tilføre næringslivet meir risikokapital i sine tilskotsordningar. Dette bør konkret synleggjerast alt i budsjettet for 2024. Det er særleg viktig å innrette dette mot grøn omstilling, gjenbruk og sirkulærøkonomi. Ei fullføring av utbygginga av breiband og mobilnett i heile fylket er óg ein ambisjon som dei samarbeidande partia kan målast på om fire år.

Små og mellomstore verksemder vert altfor ofte ståande som taparar i fylkeskommunale tilbod og innkjøpsordningar. Det er positivt at den politiske plattformen slår fast at dette skal endrast, og óg dette kan partia målast på.

Innan samferdsle er rassikring viktig, men det er urovekkande at vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet ikkje er nemnd i samarbeidsavtalen. Etterslepet utgjer 12 milliardar kroner, og midlane som så langt er løyvde er ikkje ein gong nok til å få etterslepet til å verte mindre. Det trengst ein statleg strategi for heile landet, men Vestland fylkeskommune må vere ein synleg og aktiv pådrivar.

Næringsalliansen Vestland meiner det er svært uheldig at samarbeidspartia ikkje er meir opptekne av å bygge ut fleire av dei store samferdselsprosjekta i fylket. Dei viktige europavegane våre er ikkje nemnde med eitt ord. Vestland fylkeskommune har tidlegare hatt ei viktig rolle i arbeidet for desse. Fleirtalspartia bør stå ved innstillinga som fylkeskommunen tidlegare i år leverte i samband med Nasjonal transportplan.

Næringsalliansen Vestland ser det som positivt at samarbeidspartia vil styrke Fagskulen og vidareføre den desentraliserte skulestrukturen innan vidaregåande opplæring. Det må difor vere slutt på dei årlege budsjettkampane om å leggje ned vidaregåande skuletilbod som gjer det mogleg for unge menneske å utdanne seg i sitt heimemiljø.

Beste helsing



Espen Børhaug  
Næringsalliansen Vestland

918 45 600  
espen@bergen-chamber.no

*Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 16 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.*

